



Saksdokument: KM 05.1/15 Forskningsrapport «Noe falt i god jord – Den norske kirkes gudstjenestereform sett fra menighetsnivå (KIFO Rapport 2014:2)» er ikkje sendt ut, men er å finne her:

<http://kirken.no/nb-NO/om-kirken/aktuelt/noe-falt-i-god-jord>

KM 05.2/15 Liturgisk musikk Innstilling 1.

## Liturgisk musikk

### Merknader frå kyrkjemøtekomité A

Komité A legg saksutgreiinga til grunn, og støttar den retninga Kyrkjerådet har valt etter Kyrkjemøtet 2014. Den norske kyrkja er no på eit stadium der det er naudsynt med ei tydelegare retning for den liturgiske musikken. I vidare handsaming fram mot Kyrkjemøtet 2017 er det grunnleggjande at ein søkjer å finne *god balanse mellom fleksibilitet og attkjenning*. Komiteen vil be Kyrkjerådet finne fram til nokre hovudseriar til bruk i kyrkjelyden si hovudgusteneste, ei avgrensa mengd med liturgisk musikk *som dei fleste kyrkjelydar skal bruke til dei fleste gudstenester*. Innanfor rammene av hovudseriane må det likevel framleis vere rom for å bruke annan liturgisk musikk enn desse få faste hovudseriane, i dei kyrkjelydane der annan musikk er innsungen og har fest seg. Komiteen ser det ikkje som tenleg med bestemte valseriar, men vil derimot rå til at ein ved særskilte høve står fritt til å velgje liturgisk musikk utanom hovudseriane.

#### 1 Fleksibilitet og attkjenning

- A. Det store materialet med liturgisk musikk til utprøving har heilt frå starten i 2011 vore kjelde til både inspirasjon og frustrasjon. Komité A har inntrykk av at lokal prøving og feiling no er inne i ein ny fase, der den liturgiske musikken i fleire kyrkjelydar er meir innarbeidd enn i første fase av utprøvinga. Komiteen erkjenner at vegen dit, for mange kyrkjelydar og enkeltpersonar, har gått gjennom dyrekjøpte, til dels vonde erfaringar. Komiteen opplever at kyrkjelydane no, i denne fasen, i stor grad *anten* har gått tilbake til den musikken dei kjente frå før, *eller* funne fram til ny liturgisk musikk som har fått feste. Framleis vil nokre kyrkjelydar nytte høvet til å teste ut meir liturgisk musikk, medan andre er avventande, fram til Kyrkjemøtet 2017.
- B. Komiteen vil trekkje fram det positive ved den nyskapinga av liturgisk musikk som har funne stad i høve gudstjenestereforma. Ei rekkje ulike komponistar har skrive musikk i sjangeren «liturgisk musikk», og fleire av dei har ikkje komponert i denne sjangeren tidlegare. Kyrkjemusikarar har fått inspirasjon til å skape ny musikk til bruk i eigen kyrkjelyd. Mange kyrkjelydar har opplevd det nye tilfanget av musikk som ei kjelde til inspirasjon og skaparglede. I tillegg til at den musikken

som har vorte gitt ut har verka fornyande og forfriskande på mange, har den òg inspirert til vidare nyskaping.

- C. Det har vore diskutert i kor stor grad ein skal ta omsyn til medlemmer som besøker andre kyrkjelydar enn den dei går i til vanleg. Komiteen finn grunn til å tru at det framleis er store skilnader i val av musikk innanfor eitt og same bispedøme, noko «Noe falt i god jord» stadfestar. Ei tilnærming til dette, er å arbeide lokalt for ein kombinasjon av det som er stadeige, og det ein vil kjenne att når ein kjem frå ein annan kyrkjelyd. Her kan det vere tenleg å tenkje *ut over* kyrkjelydsgrensene, og sjå på korleis ein kan utøve ei strategisk tenkning omkring liturgisk musikk, til dømes i det enkelte prosti.
- D. Det er viktig at den liturgiske musikken i lokal grunnordning vert lagt godt til rette. Dette har mellom anna til følgje at notar og tekst er tilgjengelege. Sjølv om den liturgiske musikken er godt innsungen i ein kyrkjelyd, vil somme likevel trenge tid og hjelp til å verte kjent med musikken på ein slik måte at han kan bli ein del av deira «liturgiske språk». Når kyrkjelyden har gjort endelege vedtak om kva for liturgisk musikk som skal vere fast hovudserie, bør ein aktivt arbeide for at denne musikken vert kjent og innsungen i heile kyrkjelyden, også mellom dei som går sjeldnare til gudsteneste.
- E. Liturgisk musikk er ikkje som annan musikk. Den liturgiske musikken skal klinge med *Ordo, den felles grunnstrukturen*, med sine slitesterke trådar Kyrie, Gloria/Lovsong, Sanctus/Heilag, Heilag, Heilag, Agnus Dei/Du Guds Lam, og Benedicamus- Salutatio/Velsigninga. Ein kan kjenne han att, han er den same frå dag til dag, frå stad til stad, frå dei tidlegaste kyrkjetider og like til vår eiga tid og i dag. Den liturgiske musikken er *eit eige språk*. Dette språket er meint å vere kyrkja sitt språk, eit språk vi alle kan bruke, og like fullt: eit hjartespråk. Trass i ulik spiritualitet, mennesketype og musikalske preferansar, skal ein heil kyrkjelyd kunne samlast, be og lovsynge *saman*. Liturgisk musikk er eit felles bønepspråk! Den liturgiske musikken, om han er flunkande ny eller eldgammal, må vere *samlande*, noko vi *kjenner att*, og han må ha ei kraft i seg som kan røre ved dei djupaste strengane i menneskesinnet.
- F. Komiteen legg vekt på at Den norske kyrkja, som nasjonal folkekyrkje, har til oppgåve å ivareta eit fellesskap som er større enn den enkelte kyrkjelyd. Den pågåande prosessen med utprøving av liturgisk musikk, har element i seg av ein kongregasjonalistisk tankegang som kan verke framand i Den norske kyrkja. Difor er det tenleg med ei samling ledd med liturgisk musikk som til saman utgjer nokre få hovudseriar til bruk ved dei fleste hovudgudstenester. Komiteen rår til at Kyrkjemøtet i 2017 vedtek 3-4 hovudseriar. Mellom desse seriane bør ein finne musikk frå 1977-liturgien, og ein av seriane bør ta utgangspunkt i rytmisk musikk og ha folkelege melodiar.
- G. Komiteen har drøfta korleis ein best mogleg kan balansere tilhøvet mellom einskap og variasjon. Komiteen einast om at Kyrkjemøtet 2017 bør søkje å finne praktikable løysingar på to tilhøve: 1. når ein kyrkjelyd *allereie har innarbeidd* annan liturgisk musikk, anten frå permen LITURGISK MUSIKK FOR DEN NORSKE KYRKJA (2011) eller andre kjelder, og 2. når kyrkjelyden ønskjer å ta i bruk annan musikk *ved særskilte høve*.

Komiteen meiner det bør vere mogleg at kyrkjelydar som allereie har innarbeidd og gjort gode erfaringar med annan liturgisk musikk enn musikken som vert vedteken i dei tilrådde hovudseriane, kan halde fram med å bruke denne. I komiteen meiner somme at det er tilstrekkeleg å sende melding til biskopen om dette, medan andre meiner at ein bør søkje om godkjenning.

I tillegg meiner komiteen at annan liturgisk musikk enn hovudseriane kan nyttast ved særskilte høve, innanfor dei rammene som vert fastsett.

- H. Komiteen har registrert at Ungdommen sitt kyrkjemøte (UKM) i ein resolusjon (UKM 07/14) meiner at gudstenestereforma ikkje kan seiast å ha utvikla seg heilt i tråd med det UKM 2003 ønskte. UKM ønskjer «større frihet i gudstjenestens form og innhold, spesielt i musikalske uttrykk». Komiteen meiner den fleksibiliteten som er angitt i punkta e, f og g søkjer å kome dette ønskjet i møte. Komiteen rår til at UKM vert høyringsinstans og at Bispedømeråda involverer ungdomsråda i høyringsprosessen.

## 2 **Prosesen etter KM 2014**

Komiteen støttar dei vala Kyrkjerådet har gjort, mellom anna ved å opprette *Liturgisk musikkutval* (LMU), etter at forslaget om å stanse utprøvinga kom opp under Kyrkjemøtet 2014 (Sak KM 2/14). Komiteen sluttar seg til tidsplanen det er lagt opp til i saksframstillinga, jamfør følgjande plan:

Desember 2014 – januar 2015	Sekretariatet oppsummerer og supplerer forskningsrapporten om erfaringane som er gjort, m.a. i kontakt med bispedømmerådgjevarane.
Januar-april 2015	Liturgisk musikkutval (LMU) utarbeider det nye forslaget til liturgisk musikk. Ei breitt samansett referansegruppe gir innspel i prosessen. Kyrkjemøtet 2015 (9.-15. april) drøftar ei sak om den liturgiske musikken.
17.-18. juni 2015	Nemnd for gudstenesteliv handsamar liturgiforslaga siste gang før høyringa.
16.-18. september 2015	Kyrkjerådet handsamar sakene og sender dei på høyring.
Primo oktober- desember 2015	Høyring om den liturgiske musikken.
Februar –mars 2016	Dei justerte forslaga vert drøfta i Nemnd for gudstenesteliv.
Juni 2016	Kyrkjerådet handsamar liturgiforslaga første gang.
September 2016	Bispemøtet gir læremessig uttalelse om liturgiforslaga.
Oktober 2016	Kyrkjerådet handsamar liturgiforslaga i tråd med Bispemøtet sin uttale.

### **3 Kommunikasjon**

Det ligg ei kommunikasjonsutfordring i det å først oppmode til fri utprøving av ei stor mengd med musikkseriar, til deretter å vedta eit avgrensa tal med seriar. Dette bør ein ta omsyn til, både i arbeidet fram mot høyringa til hausten, og deretter i prosessen fram mot handsaming i Kyrkjemøtet 2017.

### **Kyrkjemøtet sitt vedtak**

1. Kyrkjemøtet sluttar seg til tidsplanen som er lagt fram for evaluering og fullføring av gudstenestereforma, og som fører til at Kyrkjemøtet 2017 kan gjere endeleg vedtak om den liturgiske musikken.
2. Kyrkjemøtet ber Kyrkjerådet finne fram til ei avgrensa mengd med liturgisk musikk, som utgjer hovudseriane. Kyrkjemøtet rår til at hovudseriane vert nytta til dei fleste hovudgudstenester i kyrkjelydar over heile landet.